

1. Styret har overordna ansvar for den daglege drifta av fagskulane i fylket og fører tilsyn med den daglege leiinga. Det har ansvar for at verksemda held høg kvalitet og for at fagskulane blir drivne effektivt og i samsvar med dei lover, forskrifter og reglar som gjeld og dei rammer og mål som blir gjevne av overordna mynde.
2. Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har ein representant kvar med personleg vara.
3. Fylkestinget nemner opp eigarrepresentantane i styret og mellom dei leiar og nestleiar. Tilsette og studentrepresentant med personleg varamedlem blir vald av og mellom dei tilsette og studentane. Eigarrepresentantane blir valde for fire år, tilsettere representantane blir valde for to år og studentrepresentantane for eitt år om gongen.
4. Styret skal tilsetje administrativ og fagleg leiing i samråd med skuleeigar. Hordaland fylkeskommune er arbeidsgjevar, og personalforvaltning skal skje i samsvar med fylkeskommunen sine reglar.
5. Fylkesdirektør opplæring er ansvarleg for saksførebuing til styret.
6. Styret er klageinstans for Fagskolane i Hordaland. Styret kan opprette ei særskild klagenemnd for handsaming av klagar. Klagenemnda skal handsama klager på enkeltvedtak. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova 10. februar 1967 gjeld for handsaming av saker, jfr. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassering, avsluttande vurdering, bortvisning, utestenging, utvising og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.
7. Styret er ansvarleg for at dei opplysningar som blir gjevne til NOKUT og søkjarar til utdanningstilboda, er korrekte og fullstendige.
8. Styret er ansvarleg for at det finst ein plan for innhaldet i utdanninga og for korleis det vert gjennomført.
9. Styret er ansvarleg for det overordna læringsmiljøet og for samarbeidet om det med studentane. Dette ansvaret gjeld det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet som Arbeidstilsynet fører tilsyn med. Styret kan oppnemne utval etter behov.
10. Styret er ansvarleg for at det sams reglementet for Fagskolane i Hordaland vert følgd.